



Vestland fylkeskommune,
Postboks 7900
5008 BERGEN

Vinterstenging av fv. 613 Gularfjellet

Vestland fylkeskommune har bede Sogndal kommune og Sunnfjord kommune gi innspel til utsett opning av Gularfjellet etter vinterstenging.

Sunnfjord kommune rår frå at framlegg om sein opning til 1. juni av Gularfjellet vert gjennomført.

Utvida periode for vinterstenging medfører;

- Svekking av Gularfjellet som mogeleg samband mellom administrasjonsstadene i nye Vestland fylke
- Færre alternative ruter ved stenging av E39/RV5/E16, særleg for reisande mellom kommunane/regionane Voss, Hardanger, Sogn og Sunnfjord
- Redusert nytta av infrastruktur som er bygd opp langs nasjonale turistvegar
- Svekking av kultur og naturopplevingar i Sogn og Sunnfjord langs fylkesvegen
- Svekking av reiselivsbedrifter langs trasen som er avhengig av dagens lengde på opning for å ha ei tilfredstillande lengde på turistsesongen. Mai er ein viktig månad for innteninga.

Merknaden er politisk handsama i formannskapet 17. september og utval for samfunn, kultur og næring 16. september. Sunnfjord kommune og Sogndal kommune har drøfta saka og begge kommunane vil sterkt rå frå at perioden for vinterstenginga blir auka.

I punkta på neste side har vi grunngjeve kvifor de ikkje kan gjennomføre forslaget.

1. Vegen over Gaularfjellet knyter saman administrasjonsstadane i nye Vestland fylke

Sunnfjord kommune meiner at Riksveg 13/FV613, mellom Sandnes og Førde i Vestland fylke, har fått auka betydning som fylge av regionreforma. For reisande mellom Bergen, Sogndal og Sunnfjord representerer indre veg gjennom Vestland (Riksveg 13 og FV 613) eit naturleg val på deler eller heile strekninga mellom administrasjonsseta innan Vestland fylke.

2. Vegen over Gaularfjellet - beredskapsveg ved stenging av E39/RV5/E16

Gaularfjellet representerer alternativ rute ved lågare framkomme, og/eller stenging på stamvegnettet. Ut frå erfaring veit vi at E39, RV5 og E16 i periodar har stengingar, forlenga reisetid, ventetid grunna vegarbeid, naturhendingar, ulykker mv. Dette aukar også bruk av Vika fjellet og Gaularfjellet mellom Hardanger, Voss, Sogn og Sunnfjord. Tunnell utbetringar langs E16 i Aurland har, og vil framover få periodar med nye planlagde stengingar. Derfor er store deler av RV 13 frå Sandnes til Førde nytta som erstatningsveg og representer alternativ korridor mellom nord og sør. Vi opplever dessutan ofte kritisk vegstenging til helsetilboda i vår region ved vegstengingar. Dette omsynet gjer at vi ikkje må innskrenke alternative vegruter. Perioden Gaularfjellet er ope bør derfor heller utvidast.

3. Vegen over Gaularfjellet sine kultur og naturopplevelingar

Gaularfjellet er ein del av Nasjonal turistveg. Nasjonal turistveg har 18 køyreturar gjennom spektakulære landskap. Frå nord til lengst sør på Vestlandet har norsk arkitektur og design brynt seg på å legge til rette for store naturopplevelingar. Langs 2000 km veg er det etablert særprega rastepllassar og utsiktspunkt som inviterer til møte med norsk natur. Plassane representer nyskapande arkitektur og kunst. Ei slik nasjonal satsing, som Nasjonal Turistveg, må ikkje bli for ringa av forlenga vinterstenging.

4. Gaularfjellet sine kultur og naturopplevelingar

Vegen bind saman viktige opplevelingar i kunst og kultur gjennom at den knyter saman viktige museum som Kunstmuset i Sunnfjord med Reiselivsmuset i Balestrand. Balestrand er kjend for sin særprega tettstad med verneverdig bygningar og hotell. Langs vegen finn ein 29 større og spektakulære fossefall, rasteplassen Utsikten i Skaret, Vatnpumpa Mirage (ein av 10 i verda), stålbrua over Likholefossen, Hestad kapell (langkyrke frå 1805 kor mykje av materialet stammar frå ei stavkyrkje frå ca. 1327) og den 21 km. flotte opparbeidde Fossestien blant dei noverande viktigaste turistattraksjonane. Det har vore ein markant auke i reisande til Gaularfjellet etter at Utsikten opna i 2016. Det er nettopp i mai desse opplevelingane gjev sterkest uttrykk. Ei utsett opning representere tapt marknadsverdi for næringslivet og manglande høve til friluftsliv. Det er stor utfart til ski områda ved brøytestasjonen ved toppen av fjellet når det vert brøtyta. Vegen bør difor heller brøyta tidlegare enn 2. mai.

5. Gaularfjellet – tidleg opning som premiss for utviding av turistsesongen

Mange av desse flotte og særprega turistattraksjonane er i område kor fv. 613 er stengd om vinteren og publikum har difor vanskar med å besøke desse områda. Ei utsetting vil få store negative konsekvensar både for næring og publikum i ei tid kor næringa jobbar med å få til utviding av turistsesongen. Å ta vekk inntektsgrunnlaget i heile mai månad, som er ein av dei beste besøksmånadene, kan for bedrifter bety kroken på døra. Vi er i eit fylke kor ein verkeleg satsar på reiseliv og dette gir viktig sysselsetting i distrikta. Vi opplever også framleggset som konkurranseridane i høve andre deler av fylke.

6. Sunnfjord kommune ber om at framlegg om sein opning av Gaularfjellet vert lagt bort

Slik vi kjenner vestlandsdklimaet er det store variasjonar i snø mengda frå år til år. Det er urimeleg å nytte ekstremvinteren 2020 som mal. Vi krev at Vestland fylkeskommune legg vekk planen om opning av fjellet 1. juni. Vi minner om at det heller ikkje er mange år tilbake i tid at vegen var heilårsopen.

Med helsing

Olve Grotle
Ordførar

Øyvind Bang-Olsen
kommunalsjef teknisk og miljø

Dette brevet er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.

Kopi til:

Anne Lilleaasen
Ole John Østenstad